




Åse Ljones
2020



Og ljuset legg seg over stinga

Eg møter Åse Ljones på verkstaden hennar nede på Verftet, ytst på Nordnes i Bergen. I huset nede ved Byfjorden der all slags kunstnarar har atelier sine. Eg går nedover dei lange korridorane med alle dei attlatne dørene inn til ulike verkstader. Plakatar heng rundt omkring for konsertar, uroppføringar og utstillingar med meir. Medan eg leitar etter verkstaden hennar tenkjer eg at dei her skaper noko som ikkje fanst til berre like før eg kom ned, i dag tidleg, eller førre dagen. Når ein trør inn i bygningen er det som ein trør inn i ei slags byrjing. Ei evig rørsle som skodar framover. Ein vilje mot det som enno ikkje finst til. Mot eit handverk, ein tvil, eit flog. Mot kunst, i beste fall. Som gjer at det kjennest både nært og universelt på ei og same tid. Slik berre den gode kunstnaren kan få til.

Eg ser føre meg Åse. Eit sting. Og så endå fleire sting. Handa som går og går. Mødesamt. Tolmodig. Ja, nærmast utan ende har eg sett handa hennar gå og gå som ein eigen puls med vekslande rytme. Fleire sting fylgjer igjen og igjen i sirklar og rader. Som motiv som vert til lengre samanhengande fraser. Skinande, vakre sting, alt etter kvar ein står og kvar ljossrålane tilfeldig treffer bileta hennar. Handa hennar veit ikkje kvar ho går, fortel ho, ho berre går der ho sjølv vil. Åse veit heller ikkje alltid kva ho er i ferd med å skapa, ikkje før det er over halvvegs, eller før det står ferdig framføre ho. Som slåttane eg spelar på hardingfela mi, tenkjer eg. Også dei går og går, utan byrjing og utan ende, og det er som at slåttene tek meg med, og ikkje omvendt. Slik også stinga til Åse tek henne med inn i arbeida hennar. Det går og går. Som bølgjene på havet, bønene i tempelet eller stega i fjellet. Skilnaden er at tonane frå hardingfela mi døyr i det eg slepper bogen, tenkjer eg, medan bileta til Åse vil vera her for alltid. Iallfall mykje lenger.

Eg kjenner både ein slags letnad og eit vemod når eg tenkjer på det som forsvinn og det som blir verande i det eg opnar døra til verkstaden hennar. «Menneska dei blir borte medan tinga dei er att», skriv sambygdingen til Åse, diktaren Jon Fosse frå Strandebarm, i sitt meisterverk *Morgon og kveld*. Eg har tenkt mange gonger på den setninga. Ikkje minst då eg stod med fela mi midt blant Åse Ljones sin scenografi på Nationaltheatret for nokre år sidan, blant alle trådar på trådar av gummi som forvittra medan eg stod der, og hørde skodespelar Anne Marit Jacobsen seia fram den ufattelege sanninga frå Fosse si skrift kveld etter kveld. Og eg stig inn i den romlege verkstaden hennar og ser bilete på bilete, og rullar på rullar med trådar i all slags fargar. Heile vegger og golv er fylte av arbeid. Store arbeid.

Arbeid som ser ut som store grafiske partitur, som kan minna om den repeterande og suggererande musikken til Meredith Monk, eller ein gamal huldreslått frå Hardanger. Arbeid som er ein slags eigen musikk med organiske sting som tonar, og med tilfeldige dynamiske utbrot styrt av Ljoset som legg seg over stinga når det skin inn vindauga. Tek ein eit steg til side, er det eit anna parti som står fram, ein anna del som får ny vekt. Ljoset spelar inn i all biletkunst, men sjeldan er det i eit så konkret samspel som her. Åse har på eit vis gjort seg avhengig av Ljoset, tenkjer eg, medan eg står der og ser og ser og ho forklarar og hentar fram arbeid på arbeid som ho vil syna meg. Eit ljøs som for mange kan vera overveldane, men som Åse varsamt hentar fram med sin skinande silketråd, i ei tryggande gjentakande rørsle.

Arbeida er hypermoderne i uttrykket, samstundes minner dei meg om skog, lauv, tang, vatn og salt. Også eld og jord. Åse vel andre fargar no, tenkjer eg. Det er vorte meir ekspressivt i det stille gjentakande. Kvifor kjem dette no? Åse ler når ho avslører at ho er noko fargeblind. Så også det har noko tilfeldig over seg? Som kva form og retning det skal ta, kva fargar det skal ha, og korleis Ljoset til slutt legg sitt siste preg på verket? Er det dette tilsynelatande tilfeldige, saman med årevis med nøysamt, gjentakande arbeid som gjer at det stig opp og utover det kvardagslege? Som gjer livet meir heilag? I ein slags viljelaus vilje, eller ukontrollert kontroll? Ikkje ulikt den gode spelemannen som forsvinn inn i slåtten og forvandlar han der og då utan å vita utfallet. Som når spelemannen spelar i teneste for kunsten, og ikkje motsett.

All kunst har noko sams i seg. Men der slåtten tilfeldigheter stig fram berre over nokre minutt, kanskje, stig bileta til Åse fram gjennom fleire timar med sting, dagar med sting, månader med sting etter sting i det einskilde arbeidet. Og det er når ho hengjer det opp på veggen og Ljoset legg seg over det at spelet held fram. Då er slåtten min borte, medan Åse sine bilete vil halda fram lenge etter ho er borte. Også etter at eg er borte, tenkjer eg. For bort skal me alle, det veit me, dimed treng me den sensible og lyttande kunstnaren som meistrar å ikkje stå i vegen for kunsten sin, slik at kunsten får stiga fram. Og Åse gjer akkurat det. Ho lèt stinga ta med handa si, i Ljoset, i sin gjentakande rytme som menneska instinktivt søker. Slik at det vert lettare for oss å vera her ei lita stund på jorda. Også for dei som enno ikkje er her vil Åse Ljones sine arbeid stå der som evige gyldige trådar, i eit evig skinande ljøs.

Benedicte Maurset, hausten 2019

And light falls over the stitches

I meet with Åse Ljones at her studio at Verftet, the old sardine factory, on Nordnes in Bergen. In the building alongside the city's fjord where all types of artists have their studios. I walk down the long corridors with all of the doors closed to the many studios and workshops. Posters of concerts, performances, exhibitions and the like hang. While I search for her studio I think about how these artists are creating something that doesn't exist until only just before I arrive, or this morning or yesterday. When one walks inside the building, it is as if one enters a sort of beginning. A perpetual movement that looks ahead. A will toward that which does not yet exist. To a craft, a doubt, a soar. Toward art, at best. This makes it feel familiar and universal at the same time. As only the good artist can.

I imagine Åse. One stitch. And then some more stitches. A hand that moves and moves. Diligently. Patiently. Yes, almost without pause I have seen her hand move and move like a pulse with alternating rhythms. More stitches that follow the one before, again and again, in circles and lines. Like a motif that becomes long, continuous phrases. Shining, beautiful stitches, depending on where one stands and how rays of light randomly touch her works. Her hand knows not where she treads, she says, she simply goes where she herself wants. Åse does not always know what she is in the process of creating, not until the work is over halfway finished, or until it is completed before her. Like the fiddle tunes I play on my Hardanger fiddle, I guess. They, too, are in constant movement without a beginning or end, and it is as if the tune takes *me* along and not the other way around. Like Åse's stitches take her inside her work. It goes on and on. Like waves on the ocean, prayers in a temple or foot steps on the mountain. The difference is that the notes from my Hardanger fiddle die out when I lower the bow, I think, but Åse's works will always be here. At least much longer.

I feel both a kind of relief and wistfulness when I think about what disappears and what remains as I open the door to her studio. «People, they fade away, while things remain,» wrote playwright Jon Fosse, who, like Åse, also hails from Stranderbarm, in his masterpiece *Morning and Evening*. I have often thought of that sentence. Not least of all while I stood with my fiddle right in the middle of Åse Ljones' scenography at the National Theater a couple of years ago, among the strands upon strands of rubber that deteriorated while I stood there and I heard actor Anne Marit Jacobsen recite that unimaginable truth from Fosse's writing evening after evening. And I step into her spacious workplace and see works among works, spool upon spool of thread in all colors. Whole walls and the floor are filled with work. Large works.

Her work resembles large graphical scores which can remind one of the repetitive and hypnotic music by Meredith Monk, or an old fiddle tune from Hardanger. Work that is like its own music with organic stitches as notes, and with random dynamic outbreaks steered by the light that falls across the stitches when it shines through the window. If one takes a step to the side, another part of the piece becomes apparent, another part becomes prominent. Light plays a part in all visual art, but seldom in such a concrete, integral interaction. Åse has in a way made herself dependent upon light, I believe, while I stand there and watch and watch as she explains and gathers piece after piece of work to show me. A light that can for some be quite overwhelming, but which Åse carefully lures forth with her shiny silk thread in a comforting, repetitive motion.

The work is hyper-modern in its expression, and yet it reminds me of forest, leaves, seaweed, water and salt. And fire and earth. Åse chooses other colors now, I think. It has become more expressive through the quiet repetition. Why does this happen now? Åse laughs as she reveals she is a little bit color blind. So, does it have an element of randomness about it? Like which shape or direction it takes, which colors it will have, and how the light will in the end add its own touch on the work? Is it this seeming randomness coupled with years of diligent, repetitive work that enables it to rise above and beyond the ordinary? That makes life more holy? In a sort of unwilling will or uncontrolled control? Not unlike the gifted musician who vanishes into their music, transforming it there and then not knowing the outcome. Like when a fiddle player plays for the sake of art, and not the other way around.

All art has some commonality in it. But while the tune's arbitrariness emerges for only a few minutes, perhaps, Åse's pictures emerge through many hours with stitches, days of stitches, months of stitch after stitch in a single piece of work. And it is only when she hangs it up on the wall and the light falls upon it that the playful contrast continues. When my tune is gone, Åse's pictures will continue on long after she is gone. Also after I am gone, I think. Because we all shall pass, as we know, therefore we need the sensible and attentive artist who masters not standing in the way of their art, thereby enabling their art to emerge. And Åse does exactly that. She allows the stitches to take her hand, in the light, in repetitive rhythm that humans instinctively yearn toward. Thus making it easier for us to be here a little while on this earth. Also, for those who are not amongst us yet, Åse Ljones' work will be there like eternal golden threads, in an eternal shining light.

Benedicte Maurseth, Autumn 2019
Translated by Diana Lee Bennett

atterskin

345 x 290 cm, 2019







fallet

160 x 360 cm, 2018







bylgjer

61 x 68 x 8 cm , 2017




duv

diameter 150 x 20 cm, 2019



svev


120 x 120 x 10 cm, 2019




mylder

172 x 72 x 20 cm, 2019







Ein veg

Ut i den mørke novembermorgonen, vinka farvel til mammå, som ynskte oss god tur. Opp dei to høge trappetrinna i steintrappa. Under granen – som det alltid draup frå. Over Kleiva, forbi løenova – i skinet frå utelampen – hørde kyrne vakna til liv i floren. Nokon gonger rauta dei god morgon til oss ungane. Forbi stolpen – der papen alltid tjora fast dei vårkåte kalvane – for at dei skulle venja seg til grønt gras og det frie liv før dei skulle på beite. Gjennom kvitaleet. Under eikja – som var så mykje større enn meg – som breidde greinene sine utover som skydd mot vind og ver. Over Moldbrekkå, gjennom beite, forbi Hålå – litt skummelt her. Å vera mørkredd – og nesten flyga gjennom landskapet – for ikkje å uroa det skumle, eller kanskje ein hjort. Nokon gonger snarvegen til Tjødnå – her lærde papen meg å gå på skeiser. Andre gonger sat kanskje ein hegre og helsa god morgon. Sjå mot ljoset over Utsikten. Trippa lett over bruene, som papen og naboen hadde spikra for at me ungane ikkje skulle siga for djupt ned i gjørma. Opp trappene, forbi Kvilesteinen – her låg ofte hoggormen og kveila seg i gluggasola dei fyrste varme vårdagane. Over Flataskarv, ned Brattaskarv – der me endeleg nådde Tangaleitet – og kunne skimta ljoset igjen, og minna oss på at me ikkje var åleine i verda. Ned Tangabrekkene, under granane – då var me glade for at det var ljøs i lommelykta. Forbi vårfloren. Her var det heilt stille – kyrne var henta til gards for fleire månader sia. Langs fjøra i Vågen – her møtte me nesten dagleg Gjerdesen med fiskehanka – han hadde drege inn garnet allereie. Han hadde flest kattar på heile Innstranda. Over Skjeljaviksbekken – som kunne vera vrien å hoppa over i stor flo og mykje regnver. I dei store stevlane eg hadde arva. No kom kjensla av å nesten vera framme. Berre innom skykkja til Skjærasystrene for å byta – ta av dei tunge regnkleda – eller berre byta frå vått til turt. Her hadde me sykkelen og sykla resten av vegen når våren kom. For no var me komne på grusen – for ei glede. Før me runda Storabruå, og me såg skinet frå utelampene på kvar ei husnov. Opp Gjerdeshaugen – og eg kunne banka på døra til den snille mora – få sitja på kjøkenkrakken og venta på venen min – slik at me kunne slå fylgje siste beten av skulevegen, langs Storevegen – og endeleg sjå ljoset i skulestova.

Åse Ljones


aldar

150 x 150 cm, 2018




sjelelaug


150 x 135 cm, 2018



kurr I, II og V

52 x 52 cm, serie, 2019









der er og stille

50 x 40 cm, serie, 2017-2019







CV Åse Ljones

Adresse: Von der Ohesvei 4, 5032 Bergen | Atelier: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen | Tlf: 952 14 978 | E-post: aaseljones@gmail.com

UTDANNING

Bergen teikne- og måleskule 1983/84
Bergen kunsthåndverkskule, hovudfag
tekstil 1984-1989

SEPARATUTSTILLINGAR (I UTVALG)

2020 Kunstbanken, Hamar
2018 Bømlø Kunstlag
2017 Risør Kunstpark
2016 Sandnes kunstforening
2015 Olav H. Hauge-senteret, Ulvik
2015 Nationaltheatret, Oslo
2014 Galleri Giga, Stord
2014 Kabuso, Øystese
2012 Osterøy Museum
2007 Galleri Langegaarden, Bergen
2004 Galleri Tongerlohuys, Nederland
2003 Sørlandets Kunstmuseum,
Kristiansand
2001 Konstens Hus, Luleå, Sverige
1999 Vestlandske Kunstindustri-
museum, Bergen
1996 Galleri Ram, Oslo
1991 Hordaland kunstsenter, Bergen
1991 Kunstnarforbundet, Oslo

GRUPPEUTSTILLINGAR (I UTVALG)

2019 / 2018 / 2017 / 2012 / 2009 / 2000
Brown Grotta Art, Connecticut, USA
2018 Juleutstilling, Kunstgarasjen,
Bergen
2018 NK, Årsutstilling, Fredrikstad
2018 Kunstgarasjen, Bergen
2017 / + 11 gonger tidlegare
Kunsthåndverk, Trondheim,
2016 Galleri Giga, Stord
2016 Visionsrommet USF, Bergen
2015 KODE, Bergen, Myke monumenter
2014 KODE, Nasjonalmuseet
2014 Moss Kunstforening
2013 Kunst i Hus, Grieghallen
2012 Galleri 5, Istanbul
2012 Mandal Kulturhus
2012 Nordlandsmuseet, Fauske
2012 Gjøvik Kunstforening
2011 Molde Kunstforening
2011 Stavanger Kunstforening
2011 Kunsthåndverk, eit utvalg, Bergen
2010 Shetland Art
2010 Kunstbanken, Essens
2010 Kinck-tunet, Strandebarm

2009 Vevringutstillinga
2009 Galleri Lille Kabelvåg
2009/ 2002 ITZ, Graz, Austerrike
2008 Galleri Åkern, Kongsberg
2008 Gallery Flow, London
2008 A world of folk, Stavanger
Kulturby
2008 / 2001 SOFA, New York
2008 Collect, V&A Museum, London
2007 / 2002 SOFA, Chicago
2007 Tekstiltriennalen, Lodz, Polen
2006 Rundetårn, København
2005 Vigelandmuseet, Oslo
2005 Galleri Norsu, Helsinki, Finland
2005 Oriel Myrddin Gallery,
Carmarthen, Wales
2005 Scottish Gallery, Edinburgh,
Skottland
2005 Gallery Flow, London
2004 Galleri Langegaarden, Bergen
2003 Galleri Sølverberget, Stavanger
2001 Bryne Meieri, Garborg-jubileet
2000 North Dakota museum of art, USA
1997 Tekstiltriennalen, Tournai, Belgia
- Statens kunstutstilling, Haust-
utstillinga, diverse gonger

INNKJØP

2017 KORO, Ephemerality
- a permanent collection, UIB
2018 De Bergenske Hoteller
2017 Trondheim Kommune
2017 Fondet for norsk Samtidskunst-
håndverk, KODE, Bergen
2014 / 1991 Nordenfjeldske Kunst-
industrimuseum, Trondheim
2014 KODE, Bergen
2010 Nasjonalmuseet for kunst,
arkitektur og design, Oslo
2010 / 2006 Kvam Kommune
2006 / 1996 Vestlandske Kunst-
industrimuseum
2005 Stord Kommune
2003 Kristiansand Kommune
2003 Sørlandets kunstmuseum
2003 / 2001 / 1999 / 1998
Norsk Kulturråd
2001 Rogaland kunstmuseum
1998 Samferdselsdepartementet
1996 Kunstindustrimuseet, Oslo
1996 Oslo Kunstforening
1989 Nordkapp kommune
1989 Sogn og Fjordane fylkesgalleri

UTSMYKKING

2019 Ulvik Omsorgstun
2019 Innstranda Grendahus
2018 Bremnes Ungdomskule
2017 Havforskningsinstituttet,
D.N.F Nansen
2017 DPS, Solli, Bergen del III
2015 DPS, Solli, Bergen del I og II
2015 Stord Hotell
2013 Statsarkivet, Bergen
2013 SKL, Stord
2011 Den Norske Ambassade,
Kathmandu, Nepal
2011 Vardafjell skule, Haugesund
2009 Strandebarm skule
2005 Mathopen skule, Bergen
2005 Agder Tingrett
2004 Høgskulen Stord / Haugesund
2004 Kristiansand Sjukehus
2004 Odda barneskule
2001 Christi Krybbe skule, Bergen
2001 Stord Fylkessjukehus
2001 Rikshospitalet, Oslo
1999 Østfold Fylke
1997 Bokkotunet, Odda
1991 Adm.-bygget, Sogn og Fjordane

STIPEND, PRISAR

2019 Regionale prosjektmidlar
2019 / 2016 Norsk kulturråd,
prosjektstøtte
2018 BKH, utstillingsstøtte
2018 / 2017 / 2014 NBK, prosjektstøtte
2016 / 2014 BKH utstillingsstøtte
2016 / 2014 / 2012
Statens diversestipend
2016 / 2010 / 2007 / 2003 / 1998
Ingrid Lindbæck Langaards
stiftelse
2016 / 2013 / 2006 / 2003 /
1999 / 1995 / 1994
Statens utstillingsstipend
2009 / 1998 / 1992 Bergen kommune
kunstnarstipend
2001 Statens garantiinntekt
2000 / 1999 / 1998 / 1994 / 1992
NBK - vederlagsfondet
1998 / 1990 Statens reise- og
studiestipend
1993 Statens materialstipend
1991 Statens etableringsstipend
1992 Kunsthåndverksprisen

ANNA

Initiativtakar / medarrangør av
Jon Fosse-dagane i Strandebarm,
3 dg, 2009
Arrangerte Jon Fosse-dag, sept. 2010,
med Fosse-gruppa
- Jon Fosse-dagar, 3 dg, mai 2014,
med Fosse-gruppa
- Jon Fosse-dagar, april 2015,
med Fosse-gruppa
- Jon Fosse-dag, november 2016,
med Fosse-gruppa
- Jon Fosse-dag, juni 2017,
med Fosse-gruppa
- Jon Fosse-dagar, august 2019,
med Fosse-gruppa
Bokutgjeving, 2010:
«Kvar vår det same», tekst Jon Fosse,
samarbeid med Arnhild Litlere og elevar
ved Strandebarm skule.
2012-2015 Prosjektlear, kulturprosjekt
«Rød tråd gjennom Åsane»
2014- Lear Fosse-Stiftinga

Diverse verv:

Stipendkomiteen NK og NBK
Fagutvalget, Galleri Christinegaard
Kunstnerisk råd, Kunstgarasjen,
Bergen 2019-2021

Omtale:

Norsk kunsthistorie v/ Gunnar Danbolt
Embroidery, Jessica Hemmings
Textile Artists.org
Tekstilkunst i Norge, Randi Lium
245 år, Kunst- og designutdanninga
i Bergen
2018, Charlotte Vannier, de Fil en Aiguille

Støtta av NBK, Norsk Kulturråd,
Regionale prosjektmidlar

Foto: Øystein Klakegg,
Thor Westrebø (kurr V),
Thorir Vidar (atelierbilete)

Design: Per Bækken

Trykk: Molvik

